



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 21

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 11.06.2010

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	4817/10	020	FSK/FEL/VIST/åd	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 28.05.10

Desse møtte: Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal, Ingunn Martinsen, Amalie Helland, Hanne Storesætre, Andreas Langeland, Torstein Flakke, Ida Marie Kjærefjord Lavik og Vibeke Øxnevad Stoltz

Forfall: Jostein Gjerstad, Tony Andre Gundersen og Helene Flakke

Tid: kl. 18.00

Stad: Tysneshallen

Sakliste:

24. Opning

Hanne opna og leia møte.

25. Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart godkjent

26. Godkjenning av dagsorden

Godkjent

27. Godkjenning av referat 12.03.10

Referatet vart godkjent

28. Statusrapport økonomi

Totalt forbruk fram til no i 2010 om lag kr 21.000,-. Dette utgjer innkjøp hos Ikea, CDON, Tusenfryd m.m. kr 8.000,- og biljardbord om lag kr 13.000,- .

Inntekter ungdomsklubb kr 2.445,- er overført til kommunekonto.

Hanne, Andreas og Jostein må få tilbakebetalt utlegg for diverse småinnkjøp til ungdomsklubben. Ansvar Vibeke.

29. Handsaming av sakliste

- a. Evaluering av ungdomsklubb

Stort frammøte og god respons frå ungdommane på første klubbkveld. Opningstid frå kl. 18.00-22.00 fungerte fint. Likeeins fordeling av oppgåver for ungdomsrådet. Møtet meinte det var viktig å kunne variera klubbtilbodet framover med fokus på ulike tema.

Hanne har kjøpt stoff og vil sy gardiner.

Ingunn vil laste ned musikk til CD`ane.

Innkjøpsliste til klubbkveldane må setjast opp. Ingunn tek hovudansvar for innkjøp.

Neste klubbkveld vert onsdag 2. juni.

b. Betaling 9. klasse vaktar i ungdomsklubben

Ungdomsrådet sendar skriv til foreldra til 9.klassane ved Tysnes skule med førespurnad om dei er viljuge til å ta på seg vakthaldet i ungdomsklubben for skuleåret 2010/2011. Tysnes ungdomsråd vil betale kr 5.000,- for vakthaldet, som kan nyttast til Englandsturen.

Veronika sender skriv.

c. Open skule – aktiviteter etter skuletid

Fleire ungdomsskuler har eit gratis ope fritidstilbod etter skuletid. Tysnes ungdomsråd ønskjer å ta initiativ til eit slikt tilbod ved Tysnes skule. Saka bør undersøkjast nærare slik at eit skriv kan formulerast og sendast til oppvekstsjef og rektor. Ansvar Hanne.

d. Ungdomssider på nettsida til ”Bladet Tysnes”

Ungdomssidene er ikkje klare. Både Ingunn og Veronika har sendt informasjon og vore i kontakt med avisa. Truleg vert nettsida oppretta når ”Tysnes” er ferdig med sommeravisa.

30. Ymse

a) Gode møteplassar for ungdom i regionen. Ungdomsråda i Sunnhordland vart invitert til eit planleggjingsmøte på Stord i samband med eit større arrangement i juni i regi av Samarbeidsrådet. Veronika representerte Tysnes ungdomsråd på møtet

b) Høyring reguleringsplan Onarheim sentrum

Styret gjorde slikt vedtak: Ungdomsrådet er positiv til framlegget, men meiner opparbeiding av 7-er bane for fotball bør endrast til ein 11-er bane for fotball.

Hanne sender skriv.

c) Aktiviteter for ungdom i helgene:

- Samling i Kjevika, med grilling, sandvolleyball og musikk. Ansvar ungdomsrådet.
- Hyttetur til Røde kors hytta, tema fjellvettsreglar. Påmelding. Ansvar ungdomsrådet.
- Motocrossbane Nordbustad
- Swingkurs
- Sjølvforsvarskurs/karatekurs - Tostein spør Vidar Kaldefoss
- Paintball - Ida undersøkjer nærare
- Vinteridrett - organisera felles bussturar til Kvamskogen. Ansvar ungdomsrådet

- d) Deltaking stand Bergen Storsenter: Hanne, Hanne Torstein, Veronika og Ida deltek frå ungdomsrådet.

Hanne minna om at alle i styret må svara på epost dei får tilsendt vedk. Tysnes ungdomsråd.

Neste møte fredag vert 18. juni kl. 18.00.

Vibeke Øxnevad Stoltz
referent

Kopi: Tysnes ungdomsråd
Ordførar Helge Hauge